



Til avtalepartane

Jordbruksforhandlingane 2017

Landbruksmeldinga syner at regjeringa vil fjerne avløysartilskotet til ferie og fritid. Dersom dette vert ein realitet, kan det etter kvart verta vanskeleg å ha kvalifisert arbeidskraft tilgjengeleg for å tilfredstilla beredskapen ved sjukdom og krise hos bonden. Utan nok etterspørsel etter avløysarar ved ferie og fritid vil det ikkje vera igjen arbeidskraft som kan steppe inn på kort varsel ved akutt sjukdom og krise. Ved ei omlegging så reknar vi med å sjå ein lågare etterspørsel etter avløysing ved ferie og fritid av ulike årsaker;

- Utan øyremerking av midlar vil det vera vanskeleg å prioritera ferie og fritid ved ein pressa økonomi.
- Lettare å redusera dagens løyving i framtida dersom midlane ikkje er øyremerka.
- Press frå WTO om reduksjon i direkte tilskot.
- Lågare rekruttering til næringa.
- Mindre avløysing i «ordna forhold» då det ikkje er krav om kontroll av tilskotet.

Dei som i dag mottek tilskot til ferie og fritid har ansvar for husdyr og kan ikkje automatisk samanliknast med andre sjølvstendige næringsdrivande. Ein er avhengig av at det er nokon som overtar drifta dersom ein sjølv vert sjuk eller har ferie.

Norske Landbrukstenester meiner det er naudsynt å sjå alle avløysarordningane under eit. Svekking av ei ordning vil medføre reduserte tenester i andre ordningar. Det er viktig at ein ikkje gjer endringane som går ut over sjansen til å få ferie og fritid, eller går ut over beredskapen når bonden vert sjuk. Ein konsekvens av mindre ferie og fritid kan bli meir sjukdom hos bonden, som i neste omgang fører til større etterspørsel etter vikarar ved sjukdom. Det er i dag Landbrukstenestene som har tatt på seg ansvaret for akutt beredskap ved sjukdom og kriser gjennom Landbruksvikarordninga. Ei føresetnad for å ha tilstrekkeleg beredskap i denne ordninga er at vi har nok vikarar i ferie- og fritidsordninga. Det er dei same personane som arbeidar innan begge ordningane. Konsekvensen kan bli at Norske Landbrukstenester ikkje kan ta på seg ansvaret for beredskapen i framtida. Dersom vi kjem i ein situasjon der det ikkje er beredskap ved sjukdom og krise vil dette gå ut over velferda til bonden, og kan i ytterste konsekvens gå utover dyrevelferda.

Prioriterte punkt

1. Vidareføring av avløysartilskotet til ferie og fritid
2. Landbruksvikarordninga / beredskap
3. Utvikling av refusjonsordningane

Sjå vedlegg for meir utfyllande informasjon.



Vedlegg

Vidareføring av avløysartilskotet til ferie og fritid

Velferdsordningane består i dag av følgjande ordningar;

Avløysing ved ferie og fritid som er ein refusjonsordning i jordbruksavtalen der bønder med husdyrproduksjon kan få dekka utgifter inntil eit visst beløp til avløysing, avhengig av størrelsen på bruket. Ordninga har som føremål å bidra til eit aktivt og berekraftig jordbruk.

Avløysing ved sjukdom som har til føremål å medverka til å dekka kostnadane til avløysing ved eigen eller barns sjukdom, svangerskap, fødsel, adopsjon eller omsorgsovertaking og ved dødsfall. Tilskotet vert gjeve til dokumenterte, faktiske utgifter til avløysing i perioden det vert søkt tilskot for.

Landbruksvikarordninga kor landbruksvikarar skal avløyse bøndene ved akutt sjukdom og i krisesituasjonar. Det er Landbrukstenestene som administrerer ordninga, og pr. i dag er det 240 årsverk som blir finansiert gjennom denne ordninga.

Sjukepengeordninga som skal sørge for at jord- og skogbrukarar får utbetalt sjukepengar berekna ut frå 100% grunnlag frå dag 17. i sjukemeldingsperioden.

Tidlegpensjon som skal bidra til å letta generasjonsovergangar i jordbruket for dei som har hatt hovuddelen av inntekta si frå jordbruk/gartneri og skogbruk. Hensikta er å bidra til tidlegare generasjonsskifte og dermed stimulera til rekrutteringa.

Bortfall av avløysing ved ferie og fritid vil føra til reduserte tenester i andre ordningar. Landbrukstenestene er avhengig av jamn sysselsetting ved ferie og fritid for å kunna tilby kvalifisert arbeidskraft gjennom Landbruksvikarordninga.

Landbruksvikarordninga / beredskap

Tilskottet i ordninga har stått i ro sidan starten og ikkje fulgt kostnadsutviklinga. Dette har delvis vorte kompensert ved ei auking i dagsats sjukdom fram til og med 2014. Dei siste åra har både tilskott og dagsats stort sett stått i ro, og fører til større kostnader for Landbrukstenestene. Når regelverket samtidig har opna opp for at andre aktørar kan selja tenester innanfor velferdsordningane, utan den same plikta til å stilla beredskap ved sjukdom, er dette ei lite ønska utvikling.

Kvart år vert det etterspurt fleir årsverk avløysing ved sjukdom enn det som er løyvd gjennom Landbruksvikarordninga. Årsverka i denne dekker omlag halvparten av behovet for beredskap, resten vert dekka over ordiner sjukdomsavløysing. Det er ofte den same arbeidskrafta som arbeidar med ferieavløysing som vert nytta ved sjukdom og kriser.



Vedlegg

Med forslaget i Stortingsmeldinga om å avvikla tilskotet til avløyning ved ferie og fritid vil vi sjå at det etter kvart vil verta vanskeleg å ha nok kvalifisert arbeidskraft tilgjengeleg.

Tilskotet til Landbruksvikarordninga må aukast for å følgje kostnadsutviklinga, slik at det vert mogleg å fortsatt ha tilsett vikarar med høg kompetanse.

Det er positivt at ordninga no vert evaluert, men det er viktig at organisasjonane i landbruket vert teke med på råd når nye forskrifter og skjema vert utvikla.

Utvikling av refusjonsordningane

Ved å godkjenne spesifiserte fakturerbare arbeidstenester som dokumentasjon for avløyning ved ferie og fritid er det viktig å følgje med på at tilskotet vert nytta etter føremålet. Dersom ein i ein pressa kvardag ikkje ser seg råd til ferie eller fritid, men nyttar tilskotet til andre tenester kan dette på sikt føra til meir sjukdomsavløyning og fare for dårlegare dyrevelferd.

For å ta igjen tap i kostnadsutviklinga bør tilskot ferie og fritid i år aukast til minimum kr. 85.000,-.

- Tal på dagar/timar ferie og fritid ein bonde får for tilskotet er kraftig redusert då utviklinga på tilskot ikkje føl kostnadsutviklinga. Sjølv om lønna til avløyningane er lav i forhold til mange andre yrkesgrupper, er timeprisen bonden må betala for kvalifisert arbeidskraft etter minstetariff, i 2016, kr. 244,56¹ inklusive sosiale utgifter, forsikringar og administrasjon. Ein bonde med maks tilskot på kr. 74.200,- vil då kunne få ferie- og fritidsavløyning i ca. 303,4 timer eller ca. 40,45 dagar. I 1998 kosta arbeidskrafta kr. 137,70² i timen, og maks tilskot var kr. 48.000,-. Same bonden fikk då ca. 348,5 timer eller ca. 46 dagar ferie- og fritidsavløyning for tilskotet.

For å ta igjen tidlegare tap i kostnadsutviklinga bør tilskot pr. dag under sjukdom i år aukast til minimum kr. 1.800,-. Tilskotet bør aukast allereie for 2017.

- Når det gjeld avløyning under sjukdom er den reelle kostnaden etter minstetariff i 2016 kr. 1.834,20³ pr. dag, mens tilskotet er kr. 1.500,- pr. dag. Dette medfører ein eigendel pr. dag på kr. 334,20. Ved langvarig sjukdom medfører dette ein stor økonomisk belastning i tillegg til sjukdomen.

¹ Minstelønn pr. time kr. 178,90. Sosiale kostnader, forsikring med meir 36,7 %

² Lønn pr. time kr. 103,05. Sosiale kostnader, forsikring med meir 33,6 %

³ Kr. 244,56 pr. time x 7,5 timar